



Til

Det kongelege fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet

v/ Cecilie Haare

Dato

01.09.2011

**Høyringsfråsegn – Europarådet, femte norske rapport om regions- eller minoritetsspråk**

Vi viser til brev 9.8.11, ref. 10/32

Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium, Universitetet i Bergen, har gått gjennom utkastet til den femte norske rapporten om gjennomføring av den europeiske pakta om region- og minoritetsspråk. Denne fråsegna er utarbeidd av representantar for fagmiljøet i nordisk språkvitskap ved instituttet.

Vårt utgangspunkt er at arbeidet med å styrkje region- og minoritetsspråk er ein viktig del av det internasjonale arbeidet for språkleg og kulturelt mangfald, og vi forventar at Noreg med sine tradisjonar vil spele ei leiande rolle i så måte.

Ved vårt institutt har vi ikkje forskingskompetanse eller undervisning som går i djupna på hovudproblemfelt som er aktualiserte i rapportutkastet – men derimot spisskompetanse på einskildspørsmål. På eit generelt grunnlag vil vi meine at spørsmåla frå Europarådet, slik dei framstår i rapportutkastet, verkar rimelege, fornuftige og interessante. Når det gjeld dei norske svara, er nokre utfyllande, medan andre svar manglar ein del informasjon for at ein skal kunne gå vidare i dette viktige arbeidet. To moment som manglar både i spørsmåla og svara er for det første den rolla kyrkja spelar og kan spele, og for det andre dei økonomiske rammevilkåra for gjennomføring og rapportering av dei ulike tiltaka.

Eitt detaljspørsmål som er nemnt i rapporten, gjeld moglegheitene for å bruke samiske teikn for samiske namn og nemningar. Vi vil gjere merksam på at rapporten ikkje er korrekt når det vert skrive at at samiske teikn kan brukast i folkeregisteret, bl.a. på skjermbilete og i utskrifter. Opplysninga om at "anslagsvis 95 prosent av namnene som inneholder samiske tegn kunne skrives korrekt" kan truleg forklarast med at det frekvente teiknet Á er med, men framleis manglar teikna Č, Ď, Ň, Š, Ť og Ž (č, ď, ŋ, š, ě, ž). Vi er merksame på at det vert arbeidt med tekniske løysingar som skal ordne på dette, men desse er enno ikkje på plass.

Med helsing

for Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium

*Johan Myking*

Johan Myking

instituttleiar